

EIT LIVSSYN.

Eit livssyn er det vi skal tala om; la oss då først vera klår over kva vi meiner med ordet. Med eit livssyn meiner eg her ikkje ein teori om livet og verda som forklårar alle motsetningar og tar bort alle disharmoniar, eit livssyn av det slaget kan i alle fall ikkje eg tala om, ingen kan ærleg gi det han ikkje sjølv har. Endå mindre er det tanken å leggja fram eit «vitskapleg» livssyn, som folk av og til ventar seg; eg trur at kvar den som har gjort eit aldri så lite dagsverk i vitskapen, vil vera klår over at noko livssyn kan vitskapen av gode grunnar ikkje gi oss. Men ordet livssyn kan tyda noko anna og langt meir praktisk: eit syn til å leva på, eit livsgrunnlag, ei praktisk visse som gir livet meining. Og det er dette vi treng idag. Det er nok av motsetningar i livet som vi ikkje kan utjanma, nok av teoretiske spørsmål og flokar som vi ikkje kan løysa; det får så vera, det viktige er å ha noko som gir kraft og mod til å leva livet slik at vi kan gjera gagn for oss som menneske — midt i alle dei uløyste problem og alle dei harde realitetane omkring oss.

La oss ta saka praktisk, og freista tala ut frå røynsle. For det er mange — og stendig fleire av oss — som i den seinare tid har oplevt at vi menneske kan vera til hjelp for kvarandre når vi verkeleg vil tala ut av vår røynsle og prøva vera opne og ærlege — to ord som språket med god grunn har knytt nær saman. Vi har lært å vera opne når det gjeld det seksuelle, mangt som før heitte linkjensle, heiter idag snerperi; og vi byrjar å leggja av våre snirkolute omskrivingar når det gjeld spørsmål om livssyn òg, — vi har ikkje tid til det der lenger!

Då må vi først og fremst tilstå at i dei siste åra er det noko som har gått i stykke for oss. Vår generasjon har oplevt eit sams

Radioforedrag på serien «Eit livssyn».

skipbrot, eit veldig åndeleg klimaskifte. Verda kring oss er snudd om til det ukjennelege. Det er ikkje mange år sidan livssynet hos oss alle var merkt av ei lys utviklingstru. Vi levde i dei store framstegs tidsalder: betre maskiner og betre opplysning, fleire automobilar og fleire skular, stigande teknikk, økonomisk velvære for stendig fleire menneske. Og vi gikk ut ifrå at slik måtte det halda fram i det uendelege. Heile denne framstegstru er knust av harde kjennsgjerningar, vi trur ikkje lenger at verda gradvis og sikkert må utvikla seg mot det betre. I staden for ei jamn utvikling oppover ser vi kring oss ein varande krisetilstand, og vi er så langt frå å tru på utviklinga og framtida at vi tvert imot er redde for begge delar: det er ofte at vi mest ikkje vågar å ynskja eit omskifte fordi vi føler for at det kunde bli ein snunad til det verre, og det er då heller ikkje noko framsteg at t. d. arbeidsløysa i eit land minskar når ho berre blir avløyst av veldige krigsrustningar. Den tekniske framgangen går vidare, men teknikken arbeider aller mest febrilsk der det gjeld å fyrebu undergangen for heile vår kultur; teknikken som skulde gjera livet lettare og lysare for oss alle, idag er det den som skaper dei mørkaste fantasiar om framtida! Menneska er blitt så mykje fårlegare, vi kan tyna kvarandre med ein ny, ukjend effektivitet. I fyrre hundreåret drøymde ein stor diktar om den lykkelege tida då luftfly skulde krinsa over Europas hovudstader, idag vil dei orda helst minna oss om redselshendingar som er i friskt minne. Ein radikal journalist skreiv for ei tid sidan at når vi skal skildra Europa idag, grip vi oss i å bruka ord og uttrykk frå Johannes' Openberring.

Når folk skal prøva å finna forklaring på tilstanden idag, viser dei ofte til det at den store krigen har forråa, brutalisert menneska. Det er sant nok, men dette gir ikkje ei verkeleg forklaring, heimskrigen fylgde då like etter det strålende 19. hundreåret, med fred og kultur og vitskap høgare enn nokosinne. Og eg trur ikkje vi finn ei sann forklaring på den permanente krisa vi lever oppi, før vi ærleg vedgår at sjølve vårt menneskebilete var ei sjølvdåring, eit falsk glansbilete, at det som må radikalt omskapas, er sjølve vår menneskelege natur — og dersom det ikkje kan skje, så er der i det heile ingen utveg.

Her kan det då tenkjast to standpunkt. Eg nemner berre to — for det å lata att augo for kjennsgjerningane og leva vidare på illusjonar frå det 19. hundradåret, det er i det heile ikkje noko stand-

punkt. Eit standpunkt er det ærlege svartsyn, det som fleire av dei store kulturprofetane frå siste hundreåret enda i forsåvidt dei opplevde den store krigen, Brandes er eit framifrå eksempel. Ein ser stillinga som den er, men nektar at der kan koma eit verkeleg omskifte — fordi ein nå eingong ikkje trur på mirakel. Det andre standpunktet er det kristne, som reknar med at der kan skje mirakel. Her kan vi visa til Jesu eige syn: han hadde så visst ingen illusjonar når det galdt den menneskelege natur, han visste vel at vi er bundne av våre drifter og vår egoisme; men han visste òg at menneskenaturen kan avgjerande omskapas, og han sette sjølv inn i historia den kraft som kan gjera alle ting nye. Han hadde rett både i det eine og det andre.

Det er idag mange menneske, og stendig fleire, som ser dette heilt klårt — teoretisk. Dei er i grunnen klår over at den einaste berging for verda idag ligg i at vi byrjar å leva etter Jesu moral for fullt ålvor, dei forstår at vi menneske først og fremst treng å bergas frå oss sjølve, at der trengs ei kraft som er sterkare enn vår egoisme. Vi har lang røymsle for kva det fører til å hata våre fiendar, det skaper eit helvete omkring oss og det fører heile verda til kanten av undergangen, og vi byrjar forstå at det høge kravet om at vi skal *elska* våre fiendar kanskje likevel er meir realistisk fordi det tener livet, fordi det åleine kan skapa levelege tilstand på jorda. Dei ser òg at det er kristendomen som har den nye kraft som kan hjelpa oss til å elska våre fiendar, og at vi idag står ved eit historisk vendepunkt der valet heilt enkelt er Kristus eller kaos.

Teoretisk klårleik over dette har *mange* menneske idag. Til dei som står der vilde eg gjerne seia eit par ord. Dels fordi det i si tid har vore min eigen situasjon, dels fordi eg greitt ser at det ikkje er eit brukeleg standpunkt idag. Det trengs eit steg vidare — og det hastar.

Å godta kristendomen teoretisk, det er nemleg eit standpunkt som det ikkje er gagn i anten for oss sjølve eller for andre. Kristendomen er ikkje først og fremst teori, men *kraft*, og den vinn ein ikkje ved resonnement, den kostar noko meir enn som så. Med andre ord: vissa om Gud, midt i ei tid som den vi nå lever i, vissa om Guds allmakt, Guds plan, det er ein så tindrande optimisme at det beint fram vilde vera lettsinn, ein lettlyndt optimisme — *dersom* dette synet ikkje var vunne — eg hadde nær sagt: gjennom ein tilsvarende djup pessimisme.

Og nå fins der ein pessimisme som er endå langt djupare enn den vi fylles med når vi ser på alt elendet omkring oss. Den melder seg når vi vågar å vera ærlege mot oss sjølve, når vi ser og vedgår det radikalt vonde i vårt eige vesen, når vi altså vågar sjå vårt ansvar, vår eigen del i katastrofen. Det er sikkert nok at verda idag manglar ei god og klok styring, men kva er det vel i grunnen for makter som fører styret i oss sjølve? Det er sant at Europa er herja av frykt og hat og isolasjon, men la oss tenkja litt på kva rolle desse maktene spelar i vårt eige liv. Det er fåre for at vi sjølve har betalt vår rikelege tributt til den store krisa — i form av usaklegdom, uærlegdom, egoisme. Eit menneske som lever i moralske nederlag, kan aldri skapa anna enn uorden og nederlag omkring seg; eit menneske som lever i angst og uro, blir sjølv eit urocentrum i den krins der det lever. Men når eg har sett denne djupe samanhengen mellom mitt eige liv og den verda eg lever i, då blir eg mindre harmfylt og meir lågmælt næste gong vi drøfter Stalin eller Hitler.

Europas historie gjennom 2000 år er på mange vis ei strålende soge; men så har ho òg si baksida — med sorg og smerte og useieleg liding og eit hav av urett som aldri vart bøtt og aldri vart gjort godt att. Og det store spørsmålet for det gamle Europa er just dette: Er det råd å starta på nytt? Kan det bli sett ein strek over det gamle, kan fortida bli tilgitt, kan vi byrja på nytt? Men det er Nikodemus' gamle spørsmål: Kan eit menneske bli født på nytt? Og det er det store spørsmålet for alle menneske og alle tider; for den som er vel vaksen, som har kjent at dei gamle kjelder turkar ut og at livet blir bunde i plikt og rutine, for han fins det ikkje noko meir brennande spørsmål enn dette: Kan eg byrja på nytt? Så høyrer vi på den eine sida det trøysteslause svaret: «Det same hjarta er som eldre bankar», det skjer ikkje noko anna med oss enn det at vi blir eldre, der kan ikkje skje noko verkeleg nytt. Men på den andre sida kan vi ikkje gi frå oss den von at endå er vel noko spart åt oss, der er endå noko som ventar oss — «ennu kan meget skje».

Sikkert — det kan. Men sakte på ein annan måte enn vi tenkte oss. Eg kan her berre tala om den fornying som blir skapt ved det kristne gjennombrøtet, for eg trur ikkje på nokor anna fornying. Men den går ikkje slik som vi helst kunde ynskja oss, vegen svingar ikkje straks opover mot høgdene, går heller eit stykke

nedover — gjennom den fulle ærlegdom mot oss sjølve. Og det er visst lite vi er så redde for som dette å sjå oss sjølve, «kjenna oss sjølve», identifisera oss med vår eiga fortid, — vedstå meg kven eg i grunnen er. Vegen til fornying går gjennom det som vi var mest redde for, det som vi meinte at vi av all kraft måtte verja oss mot.

Just dette at der er ei avgjerande kjennsgjerning i livet som eg nektar å sjå — kjennsgjerninga *synd*, just dette er det som gjer livet rotut, ugreidt, problematisk, uverkeleg. Å nekta eit centralt faktum vil seia å skapa rot og indre usanning over heile feltet. Men det er helsebot i ærlegdom — «sanninga skal gjera dykk frie». Dersom vi vågar å vera ærlege mot oss sjølve, sjå oss sjølve, med avmakt og synd, då får vi òg sjå noko meir enn det. Det er noko meir som då klårnar for oss, — det er i alle høve mi personlege røynsle: vi ser at våre spekulasjonar utan Gud, utanom Gud, i grunnen var sjølv dårar, vi hadde forskansa oss bak små teoriar for å verja oss mot den store realitet. Og i grunnen veit vi vel at Guds krav til oss er slett ikkje dette at vi skal godta visse teoriar om hans vesen, men det gjeld enkle moralske krav som eg ikkje kan forneakta utan å forneakta det djupaste i mitt eige vesen.

Og då fell mine skanseverk. Då har eg ikkje lenger høve til å forsvara meg med det at kristendomen har då vore prøvd her i verda i 2000 år, spørsmålet blir om eg har prøvd eller er villig til å prøva. Og det blir klårt for meg at den eigenlege, avgjerande motsetnaden her i verda det er slett ikkje den interessante filosofiske mellom idealisme og materialisme, heller ikkje den interessante politiske mellom diktatur og demokrati, men den praktiske motsetnaden mellom Guds vilje og min vilje. Og dermed er spørsmålet blitt heilt personleg og er slett ikkje teoretisk lenger; problemet er gått over til å bli ei utfordring — som ikkje gjeld tanke eller kjensle, men min vilje, min heile person som ansvarleg åndsvesen. Ordet *ansvar* har nettop på dette punktet for mange av oss fått eit nytt innhald.

Vi har i det seinare ofte høyrte citert Kierkegaards ord om kristendomen som spranget ut på dei 70 000 famnar, og det inneheld ei stor sanning. Men der er noko meir å seia. Det er mange menneske — og stendig fleire og fleire — som av røynsle kan fortelja om kva nytt som vart skapt ved dette spranget, dette våge-

stykket, denne overgjeving til ein kanskje ukjend Gud: frigjering frå frykt, takksemd i staden for beiskleik, fellesskap i staden for isolasjon, og ikkje minst: ein ny start, som gav den fulle visse om at «ennu kan meget skje». Det er alt dette eg vil kalla eit nytt livsgrunnlag. Eg veit vel at glede, fridom, takksemd ikkje er «filosofiske» gloser, dei orda gir ikkje ei teoretisk verdensforklaring. Men dei gir det som er viktigare — eit nytt livsgrunnlag.

Men då skal det òg med ein gong seias at denne personlege fornying, den fører, så sant den er ekte, ikkje inn i, men tvert imot ut av egoismens og sjølvkjærleikens tronge krins. Like visst som kristendom kan brukas til kvietisme og verdensflukt, like visst er kristendomen etter sitt vesen aktiv og landvinnande.

Her er det to ting som bør understrekas.

Det at Gud frigjer menneske, vil seia at han frigjer krefter, krefter som før var bundne i sjølvkjærleik og egoisme. Men det vil seia at det blir frigjort kraft til å omskapa verda omkring oss, i stendig vidare krinsar, ut frå det einskilte mennesket. Eg har sjølv vore såpass mykje med i arbeid for gode og ideelle saker at eg trur å kunna døma om den veldige avstanden mellom idealistisk forrøyning, overanstrengelse, og den aktivitet som er det naturlege utslag av takksemd mot Gud. Og dei mest aktive kristne personlegdomar har sterkast hevda dette at det i grunnen er Gud som er den handlande, det er Gud som djupast sett gjer alt.

Men når kristendomen etter sitt vesen må setja seg det mål å omskapa verda, då heng det djupast saman med den tanken som vi stuttast kan ordleggja så: Gud har ein plan. Det er mange menneske som kan fortelja at vissa om Gud for første gong kom nettop som ei visse om at der fins ein Guds plan som vi er med i; og etter kvart blir det klårt for oss at å vera med her er både den høgste glede og den høgste form for liv og aktivitet.

Mussolini seier ein stad i sjølvbiografien sin at den einaste revolusjon som verkeleg vilde fortjena namnet er den som kunde omskapa sjølvne menneskenaturen. Kristendomen har alltid hevda at han har evne til det, og han viser det atter og atter med einskilte menneske, — og han vil gjennom einskilte menneske leggja heile verda inn under Guds styre. Det verda har oplevt til overmål i det siste, er kaos. Det som trengs er at vi lærer å sameina orden og fridom, det er dette problemet Europas politikk atter og

atter har stranda på, vi hamnar snart i tvangsvelde, snart i lovløyse. Det er eit av kristendomens paradoks at desse to prinsipp kan sameinas når mennesket steller seg inn under Gud, fordi fridom djupast sett er nettop det å vera bunden av Gud, den høgste form for fridom er dette, å finna, opdaga, setja i verk Guds plan med oss. Ropet på ei sterk styring idag har sin gode rett, men det fins ikkje noko anna rasjonelt svar enn Guds styring. Og ikkje mindre treng mennesket idag til fellesskap, fordi mennesket er åleine, trass i all kollektiv marsjering og hurraroping. Men det djupe fellesskap som trengs er det som samlar menneska omkring dei høgaste verdiar, det fellesskap som i urkristendomen skapte einskap mellom herre og træl og som alle dagar har rive ned grenser og murar mellom jøde og grekar, mellom træl og fri.

Kristendomen vil vera ei totalitær åndsmakt. Eit politisk hovudorgan i ein av diktaturstatane skreiv nyleg: «Vår ungdom kjenner ikkje nokon skilnad mellom privatliv og offentleg verksemd, alt er vikt til arbeidet for våre politiske ideal, vår store sak.» Det spørers då berre om saka er *stor nok* til å stella så store krav til menneska. Eg er ikkje i tvil om at kristendomen har rett til å stella det totalitære kravet, for den ikkje berre krev heile mennesket, men den gir òg alt det som mennesket treng til sin vokster. Eg ser ikkje noko menneskeleg problem som ikkje finn si løysing i den fulle overgjeving til Gud, eg veit heller ikkje nokon ekte og verdifull menneskeleg lengsel, nokon djup og sann trong, som ikkje kristendomen stiller. Derfor har han rett til å krevja heile vår personlegdom.

Eit par hundre år etter Kristi fødsel, den tid då kristendomen tok på å vinna fram i det romerske riket, styrde keisar Markus Aurelius. Han er ein av antikkens edlaste skapnader, han hadde dei høgaste moralske ideal, og han hadde det ein filosof ikkje ofte har: den største menneskelege makt til å setja desse ideal ut i livet. Her låg alle vilkår til rettes for å skapa den idealstaten som Platon hadde drøymt om, for makta og visdomen var samla i ein og same person. Men Markus Aurelius heldt det for å vera eit fåfengt strev, han avviser tanken; han har sagt det sjølv i dagbøkene sine: Gjer deg ikkje voner om idealstaten! Menneska kan nå ein gong ikkje omskapas. Ein verkeleg reform av menneska og verda var

etter Markus Aurelius' meining uråd; jamvel den høgaste moral i samband med den største politiske makt kunde ikkje setja den i verk.

Men Markus Aurelius hadde berre ein filosofi, ikkje eit evangelium. Det var det dei første kristne hadde. Dei stod utan ytre makt mot den romerske maktstaten, dei stod utan lærdom mot den greske visdom og vitskap. Men i staden for ein filosofi hadde dei visse og glede og stort frimod, dei hadde eit budskap om siger og visse om siger, og dei sette igjennom det største omskifte som har gått for seg i historia.

Vi lever i ei tid som ikkje er god, men stor. Stor ikkje først og fremst ved dei ytre hendingar, endå dei er større enn det historia har sett før. Men stor ved sine voner og ved sitt ansvar.

Eiliv Skard.